

Protokoll
Etne Sogelag
Årsmøte 17.2-2024
Kl 12.00
På Skånevik Fjordhotell

47medlemmer møtte.

- Styreleiar ynskte velkommen
- Styreleiar vart valgt til å leia møte
- Innkalling og sakliste samrøystes godkjent
- Til å skrive under protokollen vart valgt:
Bjarne Ljusnes og Helge Haaland.
- Årsmeldinga vart opplest og samrøystes godkjent med følgjande merknad:
 - Sogelaget deltok ikkje på Etnemarknaden i 2023, etter at det hadde vore dialog med kommunen om å dele på standkostnaden. Kommunen avslo og Sogelaget valde å ikkje vera med dette året. I 2024 vil me delta, men ynskjer å søkje kommunen også i år om bidrag til standkostnaden.
 - Stand i Skånevik på julemesse 2. desember var utegløymd under opplisting av aktivitetane i 2023.
 - Heimeside må komme på plass og er under opparbeiding.
- Rekneskapen for 2023 og vart gått gjennom av kasserar.
I samband med opparbeiding av ny nettside og digital (full nettbasert) løysing, vil fakturering av kontingent nå verta sent digitalt, så langt det går. Dei som ikkje kan nytta slik løysing vil motta faktura i post.
Det var ca 225 medlemmer i laget ved årslutt.
Rekneskapen vart samrøystes godkjent slik den låg føre.

Merknad:

Skriftstyret vil ta med informasjon om ny digital løysing i årboka for 2024

Val:

Styret:

Nils Halleland – Leiar på val 2025
Jakob Eskeland – nestleiar på val 2025
Ole Mæhle – kasserar på val 2025
Astrid Trå Sørheim – skrivar på val 2025
Magnhild Hovin - styremedlem på val 2026
Paul Tungesvik – 1. vara på val 2025
Ove Kahrs Wangensteen – 2. vara på val 2025

Skriftstyret:

Margunn Kjellesvik Sandvik – på val 2026

Paul Tungesvik – på val 2026

Gunnbjørg Ljusnes – på val 2025 , *ansvar for å kalle inn nemnda til konstituerande møte.*

Arvid Kjell Osvåg – på val 2025

Margunn Mortveit - på val 2026

Henry Håland - 1 vara på val 2025

Steinar Aalvik – 2. vara på val 2025

Tongahuset:

Kjell Saltnes - på val 2026, *ansvar for å kalle inn nemnda til konstituerande møte*

Ingvor Gundegjerde – på val 2026

Leif Halleland - på val 2025

Tor T Fosse - på val 2025

Karianne Lye - fast medlem.

Revisorar:

Gunnar Løhaugen – på val 2025

Anne Britt Grindheim - på val 2025

Norsk Motormuseum:

Alle er på val i 2027 og fylgjer kommunestyreperioden

Sigmund Børhaug

Ståle Sørheim

Einar Eintveit – 1. vara

Øyvind Åsheim – 2. vara

Olav Vik stiftinga:

Kjell Handeland – på val 2026.

Valnemnd:

Lars Ebne – på val 2025

Einride Aakra – går ut.

Framlegg om nytt medlem:

Ragni Fett.

vedlegg

Vidare program for dagen:

- **Matøkt**
- **Omvising på Norsk Motormuseum:**

Deltakarane til Årsmøte fekk omvisning på Norsk Motormuseum. Dei fekk sjå mykje interessant. Det er ein imponerende jobb å organisere og drive og halde museumet i stand. 6-7 mann arbeider på dugnad kvar onsdagskveld, Norsk motormuseum er organisert som ein stiftelse. Det vert vist fram motorar av alle slag, mest båtmotorar, ei gamal skulestove frå Mortveit, gamle fotoapparat, trekkspel, ski, skomakarverkstad, motorsyklar, slåmaskiner, tohjularar var noko av det gjestene fekk sjå.

- **Kåseri av Anders Haugland.**

Seglskutebygginga i gamle Skånevik herad.

Ei stolt histore, båtbygging og skipsfart. (1800-1880) Det sigla 300 skip ut frå Skånevik. Sigla langs kysten og ned i Europa og til og med over til USA.

Skånevik bygger fleire seglskuter enn heile vestlandet 1808-1870. Spesielt jekter som vart brukt til fiskebåtar.

Rivande utvikling i skipsfarten i Norge. 3.største skipsnasjon i verda.

Kvifor gjekk dette så bra i Skånevik? Gode havner, gode furuskog og mykje vasskraft. Dette gjorde at Skånevik var godt egna. Gode vassdrevne sager gjorde at det vart god material.

Skogane vart uthogde, og det vart forbudt å selje materialer til utlandet ei stund. Men skogane veks oppatt og no vart det bygd jekter.

På Leknes vart det bygd båtar etter teikning som ikkje var vanleg.

Galliasar vart bygde. Dei byrja til å med å bygje båtar utan kjøpar, og selde til dei som baud mest. Rike bønder støtta opp.(Sandvoll, Milja)

Strandebarm var sjølve senteret for skipsbygging, og folk herfrå kom til Skånevik.

Sandvoll kjend båtbyggjar, men vart berre 43 år. Fram til 1860 vart dei fleste båtane bygd på Leknes.1802-1891. Skånevikskutene fekk ord på seg for å lasta godt.

Ei tid var det mykje Nordlandsfart-dette forklarar handel med Russland om tømmer.

17 skipsredarar i Skånevik herad på denne tid.

Polarstjernen var eit av skipa, eit flott skip.

Haugesund vaks fram som ein sjøfartsby. 200 menn frå Skånevik var i sjøfart. Fortuna forliste utanfor Frankrike, alle vart berga. Lydia forliste og heile mannskapet omkom. Bygd i Skånevik.

Skånevik klarte ikkje omstillinga frå segl til damp, og stordomstida for båtbyggjing i Skånevik gjekk nedover og var kommen til vegs ende.

Båtar med damp og motor vaks fram i meir beskjedne former.

- **Kaffi og kake**

Takk for i dag og vel heim!

-----&&&&&&&&-----

Valet vart samrøystes vedteke med følgjande merknad:

Endringa i talet på varamenn i styret krev vedtektsendring. Saka var ikkje kommen inn til styret i tide før møte og Årsmøte vart bedt om å akseptere at styret etterlever valnemnda sitt framlegg og førebur sak om vedtektsendring til neste årsmøte.

Orienteringssaker:

Styreleiar orienterte om:

- et prosjekt for å føre opp et signalbygg med arbeidstittel «Vikinghus» for formidling av Etne sin rike kulturhistorie. Sogelaget har representantar i prosjektgruppa.
- Arbeidet med ny nettside og digitale løysingar for lagsarbeidet.
- Bygdeboknemnda sitt arbeid med å samle inn lokalhistorie gjennom intervju med eldre personar i kommunen.
- Tongahuset ligg i området som vert berørt av ekspropriasjonssaken for kraftledningen Blåfalli – Gismarvik. Sogelaget har meldt seg på lag med grunneigarane i området når det gjeld den juridiske handsaminga. Dette vil vera kostnadsfritt for laget

Gåve:

Styret i Etne Sogelag hadde vedtatt å gi ei gåve på 10 000,- til Norsk Motormuseum til støtte for det gode arbeidet som vert gjort for å bevare kulturhistoria. Representantar for museet vart informert om gåva under Årsmøte.

Møte heva

Skånevik, den 17. februar 2024


Bjarne Ljusnes


Helge Haaland

Vedlegg:

referat frå resten av dagens program.